



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Frøy Kannert
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06
Telefon ktr.: 22 24 40 37
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 55 83 84
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 22. november 1996

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 25. november kl. 10.35 tek statsministeren imot formannen i NATO sin militærkomité, general Klaus Naumann, til samtale på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 15.00 tek statsministeren imot presidenten i Den jødiske verdskongressen, Edgar Bronfman, til samtale på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 20.00 helsar statsministeren Verdiskongressen sitt møte i Oslo, på Royal Christiania Hotel.

Tysdag 26. november kl. 08.30 tek statsministeren imot den israelske utanriksministeren, David Levy, til samtale på Statsministerens kontor. Av omsyn til tryggleiken, har berre påmelde fotografar høve til å fotografere idet dei to møtest; - påmelding til Utenriksdepartementet sin presseseksjon, telefon 22 24 31 41.

Tidleg på ettermiddagen tysdag 26. november dreg statsministeren på ei kort offisiell gjesting til Stockholm. Han vert teken imot av statsminister Göran Persson kl. 16.30, til politiske samtalar på Statsrådsberedningen. Kl. 18.00 har dei to pressekonferanse i pressesenteret i Rosenbad. Kl. 19.30 held statsminister Persson middag i Utrikesdepartementet. Pressekontakt er statssekretær Frøy Kannert. Følgjet bur på Grand Hotell, telefon 00 46 8 679 3500 - telefaks 00 46 8 611 8686. Statsministeren reiser attende til Oslo onsdag morgon 27. november.

Onsdag 27. november kl. 10.00 er statsministeren i Stortinget og deltek i spørjetimen. Same dag kl. 12.45-13.45 har statsministeren det første av dei jevnlege pressetreffa som han har varsla, denne gongen for redaksjonane i Stortinget sin presselosje. Treffet vert halde ved Statsministerens kontor. Andre redaksjonar få høve til dette seinare.

Torsdag 28. november kl. 09.00 innleiar statsministeren til debatt på LO-Stat sin årskonferanse på Pers Hotel, Gol. Kl. 16.15 tek han imot den austerriske finansministeren, Viktor Klima, til samtale på Statsministernes kontor. Det er høve til å fotografere.